



Varmt om kulde

Der kva som helst dokumentar kunne ha informert oss om urett og æresdrap, er det berre Deeyah og filmen hennar som kan vise oss korleis det er å vere glad i nokon når det allereie er for seint.

Banaz – A love story er ein norsk-britisk dokumentarfilm om ei kvinne som vart drepen av sin næraste familie og om etterforskninga som fulgte. Filmen, som vart produsert i 2012 i regi av Deeyah Khan, fortel historia om Banaz Mahmod ifrå start til slutt. Dette er ein film som set søkjelyset på eit av dei mest alvorlege problema kvinner i dag har, samstundes som det er ein gripande historie om eit menneske som forlèt verda så alt for tidleg.

Det fyrste som møter oss er eit opptak av Banaz. Vi blir så introdusert til ein av dei mest sentrale personane i heile dokumentaren – *Chief Inspector* Caroline Goode. Før vi får vite sjølv tittelen på filmen har vi allereie fått meir eller mindre oversikten over kva dei neste 69 minutta skal omhandle. Filmen gir oss fleire svar tidligare enn det andre dokumentarar rundt same tema gjer (t. d. *Salma*), men dette er noko av grunnen til at denne dokumentaren fungerer så godt som han gjer. Vi veit kor det ender - men korleis kunne det gå slik? Slik vert vi som

sjåarar heile vegen sitjande på kanten av stolen og vente på neste ledetråd i mysteriet om Banaz med gnistrande auge, og filmopplevinga i seg sjølv vert nesten som ein metaforisk attforteljing av etterforskingssaka.

Genistrekane i denne filmen er mange, og ein av dei er fokuset på Caroline Goode. Berre dette eine grepet byrjar å lede oss inn i denne dokumentaren si heilt spesielle verd. At Caroline Goode er så sentral i filmen som ho er gir oss denne heilt unike menneskelege dimensjonen som lyfter *Banaz – A Love Story* til heilt eigne høgder. Den klassiske anonymiserande dokumentarfella der det vert for mykje attforteljing for lite kjensler er lett å gå i, men denne dokumentaren gir alle - filmskaparar som sjåarar - ei viktig påminning om at ein seriøs dokumentar treng ikkje vere faglitteratur med bilete. Ein meir passende tittel har eg sjeldan sett: *Banaz – A love story* snakkar ikkje berre om kjærleiken Banaz sjølv fann, men óg om kjærleiken ho aldri fekk - og den ho ikkje fekk i tide.

Fakta:

Æresdrap er drap på eit medlem av ein familie eller sosial gruppe av andre medlemmer grunna gjerningsmennene si oppfatning at offeret har brakt skam og vanære over familien eller gruppa.

Vanæra er vanligvis resultatet av eller mistanke om ein av følgande: upassande klesdrakt, ønske om å avslutte eller hindre arrangert ekteskap eller ønske om å sjølv velge ekteskapspartner, forhold utenfor ekteskap og homoseksuelle handlingar.

Ifølge berekningar frå FN blir om lag 5000 kvinner drepne av mannlege familiemedlemmar kvart år på grunn av ærekrenking.



Den særdeles velskrivne voicen ifrå manusforfattar Darin Prindle støtter godt opp under kvart av intervju og leier sjåaren leikande lett vidare til neste intervjustrekk, utan at noko verkar forhas-ta. Det er lett å sjå at kvart av intervjuobjekta er valgt med omhu, og det er ikkje nokon av dei som er intervjuet i filmen som kjennest som om dei kunne vore fjerna utan at det hadde forringa opplev-inga. Dokumentaren motverker óg at vi ender opp fullstendig uforståande til at dette føregår den dag i dag ved å gi bakgrunnsinformasjon om kulturen desse tradisjonane har sitt opphav i og ved å forklare kva det heile går ut på. Dette vert gjort både ved å intervju menneske med bakgrunn og kompetanse innanfor feltet og gjennom voicen. Slik skapar filmen ei djupare forståing av kva dette handlar om for den parten vi ikkje får snakt med, utan på nokon måte å støtte handlingane som har vorte utførde.

Det seier seg sjølv at det er vanskeleg å ha gode klippebileter heile vegen når det er laga ein dokumentar om noko som hende i fortida, men eg kan i alle fall seie

at eg vart meir enn berre positivt over-raska over den visuelle kvaliteten etter-som minutta passerte. Dei uklare politifil-mane var kanskje av låg teknisk kvalitet, men det er lite så kjennest så ekte som handfast bevis, og dette aukar truverdet til filmen mykje meir enn skodespelarar i dei same sekvensane hadde gjort. In-tervjuet i filmen gir sjølvstøtt eit klart og tydeleg bilete over personen som sn-akkar, og dette er ein modell som er så klassisk for dokumentarsjangeren at det er liten grunn til å endre han. Det er tross alt ein grunn til at sjangernormer blir til akkurat det.

Men så til sjølv krona på det visuelle verket – samspelet mellom klippebi-leta og musikken i filmen. Det er den indiske komponisten og fiolinisten Laksh-minarayana Subramaniam som har laga musikken til filmen, og dei lange, nesten klagande fiolinstryka er meisterlege i sam-spel med dei udramatiske kvardagsbileta av Storbritannia. I staden for den typiske amerikanske konsumerdokumentaren, med dataanimerte framstillingar av mor-dvåpen og fleire spesialeffektar enn du

nokon sinne hadde trudd ein dokumen-tar kunne romme, går Banaz – A love sto-ry heilt i den andre retninga. Eg har aldri sett ein dokumentarfilm som gir så my-kje rom til dei ubehagelige kjenslene hos sjåaren sjølv. Eit uklart bilete av ei gate der alt går sin vante gang saman med den brennande kjensla av urett og sakn som vert skapt hos sjåaren sjølv, nydeleg for-sterka av den ofte tilbakevendande men aldri utslitande fiolinspelinga, gjer denne dokumentaren til ein av dei sterkaste op-plevingane ein krimdokumentar har vist seg å prestere på lang tid.

Alle dei vonde kjenslene vert ikkje prakka på oss – dei vert skapt i oss sjølve. Om ein tekst kan ha mykje mellom linjene, så har Banaz – A love story mykje mellom bileta. Dette meiner eg er hovudskiljet mellom denne filmen og «standarddoku-mentaren» - der kva som helst dokumen-tar kunne ha informert oss om urett og æresdrap, er det berre Deeyah og filmen hennar som kan vise oss korleis det er å vere glad i nokon når det er for seint.